

Vangen

TEMA: Kirke og kloster ①52,
Turistane, landskapet ①161
KART: ④440

VANGSKYRKJA

VANGSKYRKJA er den største av mellomalderkyrkjene i Hordaland; ei av dei fire fjordungskyrkjene i fylket. Eit kongebrev frå 1271 syner at kyrkja var under bygging på denne tida. Vossevangen ved Vangsvatnet, der dei store og breie dalføra i Vossebygdene møtest, var den naturlege kyrkjestaden.

Vossevangen kring 1890.



Vangskyrkja er ei gotisk steinkyrkje med eit stort tårn i vest. Også den øvre delen av tårnet må opphavg ha vore mura i stein, men denne vart skift ut med eit tømmertårn kring 1600. Setningar i grunnen under kyrkja har gjennom hundreåra ført til at murane har vorte forsterka med store skrapillarar utvendig. Det er desse, saman med vesttårnet, som gjev vossekyrkja den særmerkte utsjånaden.

Kyrkja har vore restaurert to gonger; først i 1875 og så i 1946–53. Ved denne

siste istandsetjinga vart interiøret ført attende til tida før 1875, prega av 1600-tals inventar. Altertavla er sett saman av midtfeltet i eit seingotisk alterskåp som rammar inn måleriet «Lansestikket», måla i 1642 av ELIAS FIIGENSCHOUG etter Rubens original i Antwerpen. Preikestolen frå 1640-åra er prydd med seinrenessansedekor kring bilete av apostlane, og det rikt dekorerte korskiljet er frå 1698. I mellomalderen stod det eit lektorium – eit skriflesingsgalleri – framfor korbogen, med trapp opp inne i muren. □



OLAVSKROSSEN

OLAVSKROSSEN står på Prestegarden om lag 250 m sør-aust for Vangskyrkja. Det gamle namnet som var i bruk heilt til tida etter 1950, er Steinkrossen.

«Heimskringla» fortel at det var her

OLAV HARALDSSON i 1023 heldt møte med vessene og fekk dei til å ta ved trua. Kongen kom frå Avaldsnes på ferda til Voss dette året. Han må ha fare inn Hardangerfjorden med båt til Folkedal og så ha gått opp derifrå med føljet sitt om stølen Krossaset og vidare den gamle ferdsleveggen om Bordalen og til Vangen. På garden Himle på Bordalen finst ein kross som kan ha vore reist til minne om denne ferda. Også på garden Lirhus, mellom Lundarvatnet og Melsvatnet, stod det heilt til 1900-talet ein steinkross. På Krossaset i Bordsallmenningane er det i nyare tid reist ein steinkross til minne om Olav Haraldssons kristningsverk.

GJESTGJEVARSTADEN PÅ VANGEN

Frå gammalt av har Vossevangen vore eit knutepunkt, der reisande kunne få mat og husly. På 1600-talet fekk bygda faste gjestgjevarar, men herberga var ofte tarvelege. Det betra seg etter kvart, og i 1844 skreiv Hans Konow om Vossevangen: «Man har et særdeles hyggeligt kvarter, det bedste mellom Christiania og Bergen.»



Hotellet i 1928.

FLEISCHERS HOTELL

FLEISCHERS HOTELL kan føra saga si tilbake til 1865, då internasjonal turisme var byrja å gjera seg gjeldande i bygda. Det noverande huset i sveitserstil vart bygt i 1889. I over hundre år har det teke imot gjester frå alle kantar av verda. Fleischerfamilien, som eig hotellet, er også eigarar av GROVENDAL, grannegarden ved Vangsvatnet. J.S. Fleischer vart utnemnd til sorenskrivar i Hardanger og Voss i 1733 (③386). Han kjøpte Grovendal i 1760 og flytte til Voss nokre år etter. Seinare overtok Fleischerfamilien den eigeommen der hotellet vart bygt. Det er i dag eitt av dei få attverande store turisthotella i sveitserstil, og framleis i full drift (④161).



Grovendal slik det står i dag.